



Retur: Husbanken
Postboks 1404, 8002 BODØ

Deres dato Deres referanse

Vår dato Vår referanse
25.02.2015 2015/3029- 2
610/13563110

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Kopi: Radøy kommune
v/Sveinung Kvamme
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Startlån 2015

Husbanken viser til søknad om startlånmidlar for 2015.

Husbanken har løyvd 3 000 000,- kroner for 2015.

Kva skal startlånet brukast til?

Startlån skal medverke til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han. Unge i etableringsfasen er ikkje lenger i målgruppa. Dei som berre manglar nødvendig eigenkapital vert oppmoda til å spare. Unntak fra kravet om å spare gjeld barnefamiliar og husstandar med sosiale eller helsemessige utfordringar og som har behov for stabil bustad straks. Unntaket gjeld også husstandar som står i fare for å miste bustaden ved tvangssal. Det same gjeld husstandar som bur i kommunal bustad.

Dei som får startlån må kunne betene lånet. God utnytting av startlånordninga krev at kommunen gjennomfører individuell vurdering av den einskilde lånesøkar. Tilpassa nedbetalingstid, opptil 50 år i særlege tilfelle, gjer det lettare å betene lånet og reduserer behovet for tilskot. Husbanken oppmodar kommunane til å sjå startlån og lånevilkår i samanheng med moglegheiter som ligg i bruk av andre verkemiddel, som tilskot til etablering, tilskot til tilpassing og bustønad.

Rente- og avdragsvilkår

Lånet er gitt med flytande rente som *serielån* med totalt 20 års løpetid jfr. vedlagte betalingsplan. Dersom kommunen ønsker fastrente, ta kontakt med Husbanken etter at lånet er utbetalt.

Utbetaling av lånet

Fristen for utbetaling av lånet er sett til tre månader etter løyving. Etter dette fell løyvinga bort.

Lånet vil bli utbetalt når Husbanken har motteke underteikna låneavtale og stadfesting på kommunestyret sitt lånevedtak. Dersom kommunen er oppført i registeret for godkjenning og kontroll, må også Fylkesmannen si godkjenning vere motteken før utbetaling.

Dokumenta skal sendast til:

Husbanken, Postboks 1404, 8002 BODØ.

Regelverk

- Midlane skal vidaretildelast i samsvar med forskrift om startlån (HB 7.A.10.) Sjå også veileder for saksbehandling av startlån i kommunene (HB 7.C.17).
- Rente- og avdragsvilkåra er regulert i forskrift om rente- og avdragsvilkår for lån i Husbanken (HB 4.A.2) og utfyllende bestemmelser i retningslinjer om rente- og avdragsvilkår (HB 4.B.5).

Rapportering og kontroll

Kommunen skal rapportere om bruken av startlånet

- Kommunar som brukar StartSak
Alle søknader som vert handsama i StartSak og som får status utbetalt eller avslag, blir automatisk rapportert til Husbanken.
- Kommunar som ikkje brukar StartSak
Alle søknader som blir utbetalt eller avslått, skal rapporterast forløpande som einskildsaker i rapporteringsmodulen StartRap.
- Alle kommunar må sende inn årsrapportering for 2015 i StartRap i januar 2016.
Rapporten skal innehalde opplysningar om tap, tapsfond, rentepåslag og gebyr.

Husbanken og Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan kontrollere at midlane vert tildelt og forvalta i samsvar med forskrift om startlån.

Ta gjerne kontakt med vårt regionkontor dersom de ønsker meir informasjon.
Sjå meir informasjon om startlån på husbanken.no.

Helsing
HUSBANKEN


Britt-Nina Fløysand Borge


Anne Karin Dorsey
Rådgiver

Vedlegg:
Låneavtale
Betalingsplan